



**Ullensvang
kommune**

Samfunnsutvikling og plan

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Ullensvang kommune
Opheimsgata 31
5750 ODDA
Tlf. 53 65 40 00
e-post post@ullensvang.kommune.no
www.ullensvang.kommune.no
Org.nr 920 500 633
Bank: 3633.62.01602
Saksbehandlar: Elisabeth Pettersen Tveit
E-post elisabeth.tveit@ullensvang.kommune.no
Tlf.

Dykkar ref.

Vår ref.

20/8353-3 /ELITVE/21/3433

Arkiv:

FA-S19, TI-&13, HISTSAK-
O13/206, HISTSAK-O07/1188

Dato

29.01.2021

Uttale til planendring for Kvitno kraftverk

Kommunestyret har i møte 27.01.2021 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 003/21:

På vilkår av at auka slukeevne hjå Kvitno Kraft ikkje til noko årstid medfører redusert vassføring (minstevassføring/overløp/sidebekkar vert som i konsesjonen datert 26.10.2009) eller inngrep som gjev uheldige konsekvensar for landskap, natur og friluftsliv, kan Ullensvang kommunestyre tilrå at det vert gjeve løyve til å gjennomføra endringane Kvitno Kraft ber om i søknaden datert 10.03.20.

Det er mogleg å klaga til kommunen på dette vedtaket. Klagefristen er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen på 3 veker.

Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, beskrive kva vedtak det blir klaga på, den eller dei endringar ein ønskjer, og grunngjeving for klagen. Dersom det blir klaga så seint at det kan vere uklart for oss om det er klaga i rett tid, ber vi om at det blir oppgjeve når denne meldinga kom fram.

Med helsing

Elisabeth Pettersen Tveit
ingeniør



Hardanger



SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	13.01.2021	005/21
Kommunestyret	27.01.2021	003/21

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	20/8353 – 2
Elisabeth Pettersen Tveit	Journalpostnr.	20/35540

Uttale til planendring for Kvitno kraftverk

Vedlegg	
09.12.2020	Høyringsbrev for søknad om auke av slukeevne i Kvitno kraftverk
05.01.2021	Uttale til konsesjonssøknad for Kvitno kraftverk, Odda kommune
05.01.2021	Uttale til konsesjonssøknad for Kvitno kraftverk, Ullensvang herad
05.01.2021	Kartutsnitt frå NVE, Kvitno kraftverk
05.01.2021	Kvitno kraftverk – søknad om planjustering
05.01.2021	NVE – bakgrunn for vedtak Kvitno kraftverk
05.01.2021	Vassdragskonsesjon Kvitno kraftverk

Bakgrunn for saka:
Saka blir avgjort av:.
Kommunestyret

Tilråding frå rådmann:

Ullensvang kommune rår ifrå at Kvitno Kraft AS får løyve til å endra minste slukeevne for turbinen frå 190 l/s til 100 l/s og endring av maksimal slukeevne frå 2,7 m³/s til 3,05 m³/s, subsidiært til 2,88 m³/s i Kvitno kraftverk.

13.01.2021 Utval for samfunn, plan og næring

Behandling:

Framlegg frå: Jørund Kvestad, Senterpartiet

Ullensvang kommune tilrår at Kvitno Kraft AS får løyve til å gjennomføra endringar etter søknad 10/3-2020.

Framlegg frå: John Helge Rasmussen, Arbeidarpartiet

Søknaden om å øke produksjonen for Kvitno kraftverk vil gi en betydelig reduksjon av vannføringen og gi uheldige konsekvenser for landskap, natur og friluftsliv.

Samfunnsnyttene er mindre enn skadene og ulempene for de allmenne interesser og tillatelse til planendring kan derfor ikke innvilges.

Røysting:

Framlegg frå Jørund Kvestad vart vedteke med 12 mot 5 røyster, mindretallet røysta for tilrådinga frå rådmannen med tilleggsframlegg frå John Helge Rasmussen.

USPN– 005/21 Vedtak:

Tilråding:

Ullensvang kommune tilrår at Kvitno Kraft AS får løyve til å gjennomføra endringar etter søknad 10/3–2020.

27.01.2021 Kommunestyret

Behandling:

Framlegg frå, Kåre Olav Grønsnes, Sosialistisk venstreparti

På vilkår av at auka slukeevne hjå Kvitno Kraft ikkje til noko årstid medfører redusert vassføring (minstevassføring/overløp/sidebekkar vert som i konsesjonen datert 26.10.2009) eller inngrep som gjev uheldige konsekvensar for landskap, natur og friluftsliv, kan Ullensvang kommunestyre tilrå at det vert gjeve løyve til å gjennomføra endringane Kvitno Kraft ber om i søknaden datert 10.03.20.

Framlegg frå, Terje Kollbotn, Raudt

Som rådmannen si tilråding.

Ullensvang kommune rår ifrå at Kvitno Kraft AS får løyve til å endra minste slukeevne for turbinen frå 190 l/s til 100 l/s og endring av maksimal slukeevne frå 2,7 m³/s til 3,05 m³/s, subsidiært til 2,88 m³/s i Kvitno kraftverk.

Røysting:

Framlegget frå Terje Kollbotn fekk 15 røyster og vart ikkje vedteke.

Tilrådinga frå utval for samfunn, plan og næring fekk 9 røyster og vart ikkje vedteke, framlegget frå Kåre Olav Grønsnes vart vedteke med 24 røyster.

KST– 003/21 Vedtak:

På vilkår av at auka slukeevne hjå Kvitno Kraft ikkje til noko årstid medfører redusert vassføring (minstevassføring/overløp/sidebekkar vert som i konsesjonen datert 26.10.2009) eller inngrep som gjev uheldige konsekvensar for landskap, natur og friluftsliv, kan Ullensvang kommunestyre tilrå at det vert gjeve løyve til å gjennomføra endringane Kvitno Kraft ber om i søknaden datert 10.03.20.

Saksopplysningar:

NVE bed Ullensvang kommune om å koma med uttale til planendring for Kvitno kraftverk. NVE ynskjer tilbakemelding med synspunkt på om planane bør gjennomførast, eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. NVE ynskjer også grunngjevne forslag til avbøtande tiltak som kan redusera eventuelle verknadar ved gjennomføring av prosjektet. Ifølgje brevet til NVE er fristen for å sende inn uttale 01.02.2020, reknar med det skal vera 01.02.2021.

Kvitno Kraft AS søker om endring av minste slukeevne for turbinen frå 190 l/s (0,19 m³/s) til 100 l/s (0,1 m³/s). Det vert også søkt om endring av maksimal slukeevne frå 2,7 m³/s til 3,05 m³/s, subsidiært til 2,88 m³/s.

Kvitno Kraft AS søkte om konsesjon til kraftutbygging av Kvitnoelva 13.09.2007. Kvitno kraftverk utnyttar eit fall på 400 meter. Inntaket er på kote 445 og kraftstasjonen på kote 45.

Kvitnoelva var ei grenseelv mellom Ullensvang herad og Odda kommune. Begge kommunane gav uttale når det vart søkt om konsesjon. Ullensvang herad handsama søknaden om konsesjon i heradsstyret 10.12.2007.

"HST-121/07 Vedtak:

Ullensvang heradsstyre rår til at det vert gjeve konsesjon til utbygging av Kvitnoelva i samsvar med søknad, men med følgjande vilkår:

- Alle tiltak skal utførast så skånsamt som råd.*
- Minstevassføring i sumarmånadane, må vera av ein slik storleik at landskapsbiletet med vassdraget som ein viktig del, vert ivareteke.*
- Vilkåra i konsesjonen, må vera så klare at ei god utbygging vert sikra."*

Odda kommune handsama søknaden om konsesjon i kommunestyret 18.06.2008.

"OK-043/08 Vedtak:

1. Odda kommunestyre rår til at det blir gitt konsesjon til utbygging av Kvitnoelva i samsvar med søknad, men med følgjande vilkår:

a) Det gjøres en ny vurdering av minstevannføring med målsetting at denne skal være så stor i sommermånedene at hensynet til landskapsbildet og naturopplevelsen ivaretas.

- b) Det gjøres en nærmere vurdering av tiltakets konsekvenser for landskap, friluftsliv/naturopplevelse*
- c) Alle naturinngrep gjøres så skånsomme som mulig og tilsåing skjer så raskt som mulig*
- d) Det gjøres en konsekvensvurdering av alle aktuelle småkraftsaker i Indre Hardanger mht. innvirkning på reiselivet.*
- e) Det forutsettes at energi og vassdragsplanen blir vedtatt i kommunestyret".*

NVE gav Kvitno kraftverk konsesjon 26.10.2009. NVE sette vilkår om minstevassføring på 500 l/s i perioden 01.07–31.08 og 40 l/s resten av året.

Vurdering:

NVE gav Kvitno Kraft AS konsesjon til å byggja Kvitno kraftverk 26.10.2009 med grunngjeving at "*nyttan med tiltaket er større enn skadene og ulempene for private og allmenne interesser*". NVE meinte at det ville vera mogleg å avbøta ein del av dei negative verknadane av kraftverket, blant anna ved slepp av tilstrekkeleg minstevassføring, og gjennom miljøtilpassing av dei planlagte inngrepa.

Innsyn til Kvitnodalen er mest synleg frå Sørfjorden og austsida. Dei omsøkte planendringane vil ha negativ effekt på friluftslivet. Det vil påverka både naturmiljøet og landskapet.

Det vert søkt om endring av minste slukeevne for turbinen frå 190 l/s (0,19 m³/s) til 100 l/s (0,1 m³/s). Det vert også søkt om endring av maksimal slukeevne frå 2,7 m³/s til 3,05 m³/s, subsidiært til 2,88 m³/s.

Kvitno Kraft AS grunngjev søknaden med å få endra minste slukeevne til 100 l/s medfører ei meir stabil drift på maskina med langt færre start og stopp, noko som slit på maskina, og vil gje ein positiv produksjonseffekt med dagens utstyr.

Rådmannen meiner at dei omsøkte endringane vil gje ein betydeleg reduksjon av vassføringa i Kvitnoelva, og fryktar at konsekvensane for landskap, natur og friluftsliv, som er viktige område i regionalt perspektiv, vil vera negative.

Samandrag:

Ullensvang kommune rår ifrå at NVE gjev løyve til Kvitno Kraft AS sine omsøkte endringar for Kvitno kraftverk.